

«DÅ FOSSEGRIMEN KOM TIL BYGDA»

Eit samarbeidsprosjekt mellom orkesteret Fossegrimen og kulturskulane i Lindås, Osterøy og Voss

Laurdag 30. mai kl. 17.00: Valestrand skule, Valestrand

Søndag 31. mai kl. 18.00: Gamlekinoen, Voss

Medverkande:

Solistar: Vanja Vatle (vokal) Maria Tysse (althorn) Åshild Brunvoll (cello) Julie Røsland (klarinet) Elevar ved kulturskulane i Osterøy, Lindås og Voss / Musikantar frå Haus og Lonevåg skulemusikklag Musikarar frå Kammergruppa Reppen / Orkesteret Fossegrimen Dirigent: Dagfinn Rohde / Konferansier: Kristoffer Kleiveland

Siste helga i mai byr Orkesteret Fossegrimen inn til samarbeidskonsertar på Valestrand og på Voss. Med å «forsterka» orkesteret denne gongen er eit 30-tals elevar i kulturskulane i Osterøy, Lindås og Voss, og vi byr på eit «sommaret», velklingande og variert program med fire flotte unge solistar.

Inspirert av programserien «Då KORK kom til bygda» ønsker me å skapa eit spennande arrangement der publikum kan få oppleva eit stort symfoniorkester i samspel med lokale talentar.

I 2010 var Fossegrimen på besøk på Bullaholmen som ein sentral rollefigur i Bullaspelet. No er det orkesteret Fossegrimen som skal gi ostringar og andre ne nok ein flott oppleving med klassisk musikk på sitt beste.

Orkesteret Fossegrimen med si snart 100 år lange historie er eit regionalt symfoniorkester som har som mål å vera eit tilbod for aktive musikarar - amatørar og profesjonelle – og bringa «levande» orkestermusikk ut til publikum i regionen. Gjennom åra har orkesteret vitja over 20 kommunar i Hordaland, og det har også hatt konsertar i Sogn og Fjordane og Rogaland, men dette er første gongen det held konsert på Osterøya. Dirigent for orkesteret er fiolinisten Dagfinn Rohde, til dagleg muskar i Bergen Filharmoniske Orkester.

I eit orkester som Fossegrimen er det alltid trong for fleire musikarar, og med det aktuelle prosjektet vonar vi at interessa for å spela i denne typen ensemble også vil auka hjå dei unge, at dei vil oppleva gleda ved å spela saman med andre i ei så stor gruppe. Programmet som er valt til konsertane denne gongen spenner frå tidleg barokk til moderne tonar og rytmar. Og vi er så heldige å få med oss 4 unge, dugande solistar: **Vanja Vatle** (15) frå Osterøy vil framføra songen sin «Du stod der og lo», som ho nådde til finalen med i Melodi Grand Prix Junior i NRK sist haust, men nå med orkester-akkompagnement. Vossejenta **Åshild Brunvoll** (17), som tidlegare har spelt cello fast i Fossegrimen, er nå elev på Musikklinja på Langhaugen Videregående Skole i Bergen og med i Barratt Dues talent-satsing. Ho framfører Salut d'Amour saman med orkesteret. **Maria Tysse** (17), også frå Osterøy, spelar althorn og er solist i ein sats frå Mozart sin hornkonsert nr. 4. **Julie Røsland** (15) er aktiv klarinettist i Voss Skulemusikk og elev i Voss kulturskule. Ho framfører utdrag frå Et Sæterbesøg av Ole Bull.

Konferansier er ostringen **Kristoffer Kleiveland**, student på Ole Bull Akademiet på Voss og samstundes underviser han på toradar. Han vil gi oss døme på korleis dette instrumentet høver saman med eit stort orkester.

Dagfinn Rohde har vore fast dirigent for Fossegrimen sidan 1991, og han leier også desse konsertane.

Vel møtt til fine sommarkveldar med unge dugande solistar og stort orkester med mykje flott musikk, både på Valestrand skule og i Gamlekinoen på Voss.

Dugnad

For å laga til eit arrangement som dette, trengs det frivillige. Scena skal lagast til, lys må riggast, ein matbit kan smaka, parkering må fungera. Ta kontakt med kulturskulen om du kan tenka deg å hjelpa til.

Kontaktpersonar:

Frank Windt, Osterøy kulturskule - tlf. 56 19 27 20 / 922 69 603

Peder Ringdal, Orkesteret Fossegrimen - tlf. 952 42 916